



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 27.04.2026
Tid: klokka 12.00 - 16.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Annika Hove	FOHA	medlem
Bernt Brandal	FOHA	ordfører
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Ranja Dimmen Alme	FOHA	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører
Øyvind Grimstad	INP	medlem

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Hanne Rognan, assisterande kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Erlend Friestad, kommunikasjonsrådgjevar
- Johannes Alme, einingsleiar næring
- Pernille Ebbestad Holo, rådgjevar næring
- Tone-Lise Osnes, einingsleiar kommunalteknikk
- Birgitte Moltu, jurist kommunalteknikk
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Andre som møtte:

Stig Ove Andersen frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Torill Romestrand Hjelle (Høgskulen i Volda - universitetsrepresentant) deltok i sak PS 40/26 orienteringar og spørsmål.

Møte slutt: kl. 16.00

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 38/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/677
PS 39/26	Godkjenning av protokoll	26/677
PS 40/26	Orienteringar og spørsmål	26/677
PS 41/26	Referatsaker	26/677
PS 42/26	Høyringsinvitasjonar	26/677
PS 43/26	Høyring endring av vallova - oppteljing av førehandsrøyster	26/671
PS 44/26	Månadsrapport pr februar 2026	26/566
PS 45/26	Månadsrapport pr mars 2026	26/566
PS 46/26	Vedlikahld av Åsenvegen	26/520
PS 47/26	Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing – utgreiing, økonomiske konsekvensar og ny høyring	26/234
PS 48/26	Ny vurdering av søknad - gbnr.41/372 - Plassane 75	24/705

Hareid, 28.04.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 38/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Det vart gjennomført to synfaringar i starten av møtet. Synfaringane gjeld:

- Vedlikehald av Åsenvegen
- Ny vurdering av søknad – gbnr. 41/372, Plassane 75

Samrøystes

PS 39/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 40/26 Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/26	Informasjon om Statsforvaltaren si oppfølgingsordning

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Stig Ove Andersen frå Statsforvaltaren Torill Romestrand Hjelle (høgskulen i Volda - universitetsrepresentant) presenterte oppfølgingsordninga.

Einingsleiar Johannes Alme og rådgjevar Pernille Ebbestad Holo orienterte om dialog meg Hareid småbåtlag rundt fellesnausta med meir.

PS 41/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

PS 42/26 Høyringsinvitasjonar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
42/26	Ekstern høyring. Fysisk aktivitet i forebygging og behandling – råd om samtalar om fysisk aktivitet og om fysisk aktivitet ved rusavhengighet og skadelig bruk av rusmidlar
43/26	Forenkla revisjon av prioriteringsretteleiarane i spesialisthelsetenesta (33) - høyring
44/26	Høyring - endringar i forskrift om Den rettsmedisinske kommisjon
45/26	Høyring – forskrift om rett til økonomisk stønad og kvalifiseringsstønad under korte utanlandsopphald
46/26	Høyring - forslag om overføring av skiltmynde frå Statens vegvesen til fylkeskommunane
47/26	Høyring - forslag til endringar i konsesjonsloven og til endringar i forskrift om overføring av mynde til kommunane
48/26	Høyring - forslag til endringar i skiltforskrifta for å kunne gjennomføre pilotar
49/26	Høyring – forslag til endringar i utlendingslova mv.
50/26	Høyring - Forslag til endringar i vallova
51/26	Høyring - Forvaltningsplan for hjort i Herøy kommune 2026-2028
52/26	Høyring - Kommuneplanens samfunnsdel Ålesund kommune - planforslag til offentleg høyring
53/26	Høyring - nytt læringsmål i spesialiteten samfunnsmedisin
54/26	Høyring - rettleiar for avhengigheitsskapande legemiddel
55/26	Høyring av temaplan for naturmangfold - Ålesund kommune
56/26	Høyring- forslag til forskrift om cruiseavgift
57/26	Høyring om forslag til endringar i opplæringsloven og privatskoleloven om moglegheit til å pålegge opplæring utanfor eigen gruppe for ei avgrensa periode
58/26	Høyringsbrev - offentleg høyring av NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge

Vedtak:

Formannskapet tek høyringsinvitasjonane til vitende.

Behandling:

Samrøystes

PS 43/26 Høyring endring av vallova - oppteljing av førehandsrøyster

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Behandling:

Rådgivar kommunikasjon og beredskap Erlend Friestad orienterte om saka. Ordførar Bernt Brandal fremja forslag om å utsette saka til neste møte.

Utsettingsforslaget blei vedtatt mot to røyster (INP og AP).

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende høyringssvar, slik det går fram av vedlegget, til Kommunal- og distriktsdepartementet.

PS 44/26 Månadsrapport pr februar 2026

Vedtak:

Formannskapet tek økonomirapport for februar 2026 til vitande.

Behandling:

Administrasjonen presenterte saka og svara på spørsmål i møtet. Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet tek økonomirapport for februar 2026 til vitande.

PS 45/26 Månadsrapport pr mars 2026

Vedtak:

Formannskapet tek månadsrapporten pr mars 2026 til vitande.

Behandling:

Administrasjonen presenterte saka og svara på spørsmål i møtet. Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet tek månadsrapporten pr mars 2026 til vitande.

PS 46/26 Vedlikahld av Åsenvegen

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

PS 47/26 Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing – utgreiing, økonomiske konsekvensar og ny høyring

Vedtak:

Saka blir lagt ut på høyring i fire veker til eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetjing og relevante brukar- og interesseorganisasjonar, i tråd med forskrifta om medverknadsordningar § 4. Høyringa skal særleg be om synspunkt på tre alternativ:

- **Alternativ A:** Opprette felles råd med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.
- **Alternativ B:** Opprette felles råd for resten av inneverande valperiode som ei prøveordning, med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat. Ordninga skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyret før konstituering ved neste valperiode.
- **Alternativ C:** Vidareføre to separate råd.
- **Alternativ D: To separate råd med felles møte**

Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing blir vidareført som to sjølvstendige råd med eigne mandat og vedtaksmynde.

Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar frå administrasjonen og for handsaming av saker av felles interesse, med sikte på meir effektiv ressursbruk.

Råda skal fatte vedtak kvar for seg i alle saker der det ikkje er naturleg å fatte felles vedtak. Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare retningsliner i reglementa for gjennomføring av felles møte.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremja eit tilleggsframlegg:

Alternativ D: To separate råd med felles møte

Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing blir vidareført som to sjølvstendige råd med eigne mandat og vedtaksmynde.

Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar frå administrasjonen og for handsaming av saker av felles interesse, med sikte på meir effektiv ressursbruk.

Råda skal fatte vedtak kvar for seg i alle saker der det ikkje er naturleg å fatte felles vedtak.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare retningslinjer i reglementa for gjennomføring av felles møte.

Røysting:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes for tilleggsframlegget frå Bernt Brandal.

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka blir lagt ut på høyring i fire veker til eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetjing og relevante brukar- og interesseorganisasjonar, i tråd med forskrifta om medverknadsordningar § 4. Høyringa skal særleg be om synspunkt på tre alternativ:

- **Alternativ A:** Opprette felles råd med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.
- **Alternativ B:** Opprette felles råd for resten av inneverande valperiode som ei prøveordning, med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat. Ordninga skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyret før konstituering ved neste valperiode.
- **Alternativ C:** Vidareføre to separate råd.

PS 48/26 Ny vurdering av søknad - gbnr.41/372 - Plassane 75

Vedtak:

Formannskapet viser til klage datert 23.01.2026 i sak 24/705 på vedtaksnr. DS 117/25.

Klagen vert teken til følgje.

Administrasjonen sitt avslag på byggjesøknaden vert oppheva.

Saka vert med dette endeleg avgjort.

Grunngjeving

Formannskapet legg til grunn at dispensasjonen som vart gitt i sak 101/24 opnar for oppføring av bustad med mønehøgda inntil 8,5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng, og at nytt bygg ikkje skal vere høgare enn eksisterande bygg på eigedomen.

Fastsetjing av mønehøgda for det tidlegare bygget er avgjerande for vurderinga.

Formannskapet finn at administrasjonen si fastsetjing av denne høgda byggjer på eit grunnlag som ikkje er tilstrekkeleg eigna til å gi ein presis og etterprøvbar verdi. Den berekna mønehøgda tek utgangspunkt i eitt enkelt fasadepunkt (underkant kjellerdør) kombinert med teikningsmateriale som ikkje er utarbeidd for å dokumentere eksisterande bygg, men som del av ei seinare sak om tilbygg. Ei slik indirekte berekning gir eit usikkert resultat og kan ikkje tilleggjast avgjerande vekt.

Samtidig går det fram av saksutgreiinga at kartgrunnlag og høgdedata har betydeleg måleusikkerheit, i enkelte tilfelle opp mot ± 1 meter. Formannskapet kan ikkje sjå at det er fagleg grunnlag for å konkludere med eit avvik på om lag 70–80 cm når usikkerheita i grunnlaget er av same storleik eller større.

Det går vidare fram av faglege vurderingar at høgdedata basert på digitale overflatemodellar (DOM) kan gi systematisk for låge verdiar for mønehøgda, mellom anna som følgje av takvinkel og avrunding av skarpe takformer. Dette svekkjer grunnlaget for å nytte slike data som presis referanse for faktisk mønehøgda.

Det ligg samstundes føre annan dokumentasjon, herunder foto, takstrapport og analyse av bygget sine proporsjonar, som samla sett gir eit klart og konsistent bilete av at takvinkelen på det tidlegare bygget var vesentleg brattare enn det som går fram av teikningsgrunnlaget frå 1975. Teikningsgrunnlaget gir ein berekna takvinkel på om lag 30°, medan samla dokumentasjon underbyggjer at faktisk takvinkel låg innanfor intervallet om lag 38–39°. Ein takvinkel i dette intervallet gir, basert på kjende bygningsmål, ei mønehøgda som er vesentleg høgare enn det som følgjer av teikningsgrunnlaget. Berekingar viser eit avvik på om lag 0,83 meter, noko som inneber at det tidlegare bygget var tilsvarande høgare enn det administrasjonen har lagt til grunn.

Formannskapet legg etter dette til grunn at faktisk mønehøgda på det tidlegare bygget var høgare enn det administrasjonen har lagt til grunn.

Formannskapet legg etter ei samla vurdering til grunn at omsøkt bygg ikkje vil overstige den faktiske mønehøgda på det tidlegare bygget. Tiltaket er dermed i samsvar med den gitte dispensasjonen.

Klagen vert etter dette teken til følgje, og avslaget vert oppheva.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremja eit nytt framlegg til vedtak:

Formannskapet viser til klage datert 23.01.2026 i sak 24/705 på vedtaksnr. DS 117/25.

Klagen vert teken til følgje.

Administrasjonen sitt avslag på byggjesøknaden vert oppheva.

Saka vert med dette endeleg avgjort.

Grunngjeving

Formannskapet legg til grunn at dispensasjonen som vart gitt i sak 101/24 opnar for oppføring av bustad med mønehøgda inntil 8,5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng, og at nytt bygg ikkje skal vere høgare enn eksisterande bygg på eigedomen.

Fastsetjing av mønehøgda for det tidlegare bygget er avgjerande for vurderinga.

Formannskapet finn at administrasjonen si fastsetjing av denne høgda byggjer på eit grunnlag som ikkje er tilstrekkeleg eigna til å gi ein presis og etterprøvbar verdi. Den berekna mønehøgda tek utgangspunkt i eitt enkelt fasadepunkt (underkant kjellerdør) kombinert med teikningsmateriale som ikkje er utarbeidd for å dokumentere eksisterande bygg, men som del av ei seinare sak om tilbygg. Ei slik indirekte berekning gir eit usikkert resultat og kan ikkje tilleggjast avgjerande vekt.

Samtidig går det fram av saksutgreiinga at kartgrunnlag og høgdedata har betydeleg måleusikkerheit, i enkelte tilfelle opp mot ± 1 meter. Formannskapet kan ikkje sjå at det er fagleg grunnlag for å konkludere med eit avvik på om lag 70–80 cm når usikkerheita i grunnlaget er av same storleik eller større.

Det går vidare fram av faglege vurderingar at høgdedata basert på digitale overflatemodellar (DOM) kan gi systematisk for låge verdiar for mønehøgda, mellom anna som følgje av takvinkel og avrunding av skarpe takformer. Dette svekkjer grunnlaget for å nytte slike data som presis referanse for faktisk mønehøgda.

Det ligg samstundes føre annan dokumentasjon, herunder foto, takstrapport og analyse av bygget sine proporsjonar, som samla sett gir eit klart og konsistent bilete av at takvinkelen på det tidlegare bygget var vesentleg brattare enn det som går fram av teikningsgrunnlaget frå 1975. Teikningsgrunnlaget gir ein berekna takvinkel på om lag 30°, medan samla dokumentasjon underbyggjer at faktisk takvinkel låg innanfor intervallet om lag 38–39°. Ein takvinkel i dette intervallet gir, basert på kjende bygningsmål, ei mønehøgda som er vesentleg høgare enn det som følgjer av teikningsgrunnlaget. Berekingar viser eit avvik på om lag 0,83 meter, noko som inneber at det tidlegare bygget var tilsvarande høgare enn det administrasjonen har lagt til grunn.

Formannskapet legg etter dette til grunn at faktisk mønehøgd på det tidlegare bygget var høgare enn det administrasjonen har lagt til grunn.

Formannskapet legg etter ei samla vurdering til grunn at omsøkt bygg ikkje vil overstige den faktiske mønehøgda på det tidlegare bygget. Tiltaket er dermed i samsvar med den gitte dispensasjonen.

Klagen vert etter dette teken til følgje, og avslaget vert oppheva.

Røysting

Det blei røysta alternativt over nytt framlegg frå Bernt Brandal og tilrådinga frå kommunedirektøren.

Samrøystes for framlegget frå Bernt Brandal.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet viser til motteke klage datert 23.01.2026 i saknr. 24/705 på vedtaksnr. DS 117/25, vidare saksframlegg og oversendingsframlegg FSK 29/26 møtedato 09.03.2026 og ny vurdering i saka.

Klagen vert ikkje teken til følgje.

Administrasjonen sitt avslag på byggjesøknaden vert oppretthalde.

Grunngjeving:

Tiltaket overstig den høgde som vart lagt til grunn i dispensasjonsvedtaket. Dispensasjonen gjeld berre for høgd inntil 8,5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng og nytt tiltak skulle ikkje overstige eksisterande bustad på eigedomen. Sidan tiltaket ikkje er i samsvar med dispensasjonen og ligg utanfor rammene for byggjeløyve etter pbl. § 21-4, er det ikkje grunnlag for å endre vedtaket.

Vilkåra for å ta klagen til følgje er ikkje oppfylt.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.